

Innspel om NRK

Til Kulturdepartementet

Frå Arne Tufteland

- **Lisensbasert allmennkringkastar.** I vår tid trengst eit pustehol i samfunnet, fri for kommersiell påverknad. I dei fleste media vert publikum bombardert med reklame og stoff med kommersielle vinklingar. Reklameplakatane som vert nytta i NRK i dag kan med fordel fjernast.
- **Utvikling av distriktskontor.** Distriktskontora må styrkast slik at dei reelt femner heile området/regionen dei skal dekkja. (Vestlandsrevyen skal dekkja Hordaland og Sogn og Fjordane. I dag meir ein lokalstasjon for Bergen by.)
- **Debattprogram.** Debattar om samfunnsspørsmål og politikk er interessante og nyttige. Det er derimot totalt uinteressant å høyra synspunkta til dei same redaktørane og journalistane år ut og år inn. Det finst andre samfunnsengasjerte menneske i kongeriket. Det kan vera ei oppgåve å finna engasjerte folk, også utanfor Oslo, som kan delta i debattar. Meir fantasi i debattredaksjonane er turvande.
- **Samfunnskritisk ansvar.** NRK må ha ansvar for å setja søkeljos på maktmisbruk, korrupsjon og anna uhumska i samfunnet. Rettmessig kritikk av politikarar og byråkratar må gjerne finna stad til ei kvar tid. Politisk vedtekne sanningar må gjerne debatterast og granskast.
- **Brød og sirkus.** Sportssendingar er viktig for eit stort publikum. Likevel går det over stokk og stein når NRK fyller alle kanalar med sport i helgane. Lag gjerne ein eigen sportskanal.
- **Nyhende.** Når dødsfallet til ein amerikansk filmskodespelar blir hovudsaka i fleire nyhendesendingar på NRK viser det at redaksjonen ikkje er vaksen for sine oppgåver. Det burde vera nok av meir interessant stoff å ta fatt på, ikkje minst i USA.